

**Temaområde og framlegg til spørsmål
- medverknad i samfunnsdelen til
kommuneplanen**



Rettleiing



Til oppgåva

Under føl dei fire temaområda som politikarane har vedteke at vi skal arbeida med i samfunnsdelen. Til kvart temaområde er det berekraftsmål som politikarane har bestemt skal ha særleg fokus i Øygarden dei næraste åra.

I filmoppgåva står elevane fritt til å velja kva temaområde dei ynskjer å fokusera på, og kva spørsmål dei vel å svara på. Dei kan enten velje dei spørsmåla som er lista opp under kvart temaområde, eller dei kan finna eigne spørsmål som dei synst er relevante for temaet.

Det er viktig at elevane ikkje deler informasjon på filmen som er av sensitiv karakter.

Lukke til med arbeidet!

Den gode staden å bu



- Kva er ein god stad å bu for deg?
- Kva kvalitetar er viktige for deg i ditt nærmiljø?
- Kva er viktig for at du skal kjenna deg trygg i Øygarden?
- Kva skal til for at du vert meir engasjert i utviklinga av ditt lokalsamfunn?
- Korleis kan du vera med å skapa meir liv og aktivitet i ditt lokalsamfunn? Kva kan vi gjera saman?

Meistring gjennom livsløpet



- Korleis kan vi saman sørge for at alle får delta og bli inkludert i samfunnet vårt?
- Korleis kan vi saman sørge for at alle som bur i kommunen får gode tenester gjennom livet? (til dømes ein god skule/utdanning og gode helsetenester)
- Kva skal til for at du skal ha det bra i din kvardag?
- Korleis skal vi sørge for at alle får den hjelpa dei treng, og har god livskvalitet?
- Korleis kan de som barn og unge bidra?



Kompetent, innovativt og produktivt samfunn



- Kva for arbeidsliv og karriere ser du for deg i framtida?
- Korleis skal vi sikra at alle får arbeid etter dei er ferdige med utdanning?
- Korleis skal vi arbeida for at næringslivet vert meir berekraftig?

Klima- og miljøvenleg samfunnsutvikling

- Kva kan motivera deg til å ta gode klima- og miljøvenlege val?
- Korleis skal vi jobba for ei meir berekraftig utvikling?
- Kva er viktige miljø- og naturressursar i Øygarden?